



Hordaland fylkeskommune

12 FEB 2014

**Hordaland fylkeskommune,  
Økonomiavdelinga**  
Postboks 7900

5020 Bergen

Stord, 11. februar 2014

### **Eitiske retningsliner og medlemskap i arbeidsgjevarorganisasjon**

Viser dykker brev av 05.02.2014 der de ber om Opero sine eitiske retningsliner samt  
stadfesting på medlemskap i arbeidsgjevarorganisasjon.

- Vedlagt fylgjer Opero sine eitiske retningsliner.
- Opero er medlem i NHO Service v/Attføringsbedriftene.

Venleg helsing



*Birte Nilsen*

Birte Nilsen  
Adm. direktør

Kopi er sendt rådmann i Bømlo kommune

---

Besøksadresse  
Ringvegen 14  
Heiane  
5412 Stord

Postadresse  
Opero AS  
Postboks 714  
5404 Stord

Tlf: 53 40 24 00  
Fax: 53 40 24 01  
E-post: [info@opero.no](mailto:info@opero.no)  
[www.opero.no](http://www.opero.no)



## Etiske retningslinjer for Opero.

Det vert forventa av deg som tilsett i Opero at du i møte med kollega, kundar, leverandørar eller andre, oppfører deg i tråd med følgjande etiske retningslinjer:

- Opptre i samsvar med gjeldane lover, forskrifter og reglar.
- Ikkje ta i mot gåver av ein slik art og størrelse at det kan skapast tvil om integriteten. Dersom tilsette kjem opp i problemstillingar knytt til gåver m.m., skal spørsmålet leggast fram for overordna.
- Representasjon skal godkjennast av nærmeste overordna.
- Mediekontakt (t.d. aviser, radio, tv, facebook) skal vera i henhold til gjeldande prosedyre. Viser til dok. 4-023.
- Det er eit mål for Opero at kritikkverdige forhold vert avdekt og vert følgd opp. Det er derfor ynskjeleg at tilsette seier i frå dersom dei får kjennskap til kritikkverdige forhold. Sjå prosedyre under HMS.
- Alle har teieplikt vedkomande forretningshemmelegheiter og opplysningar gjeven i fortrulegheit. Teieplikta gjeld ikkje berre i arbeid, men og i privatlivet og gjeld sjølv om arbeidstakar har slutta ved bedrifta. Dette gjeld likevel ikkje for opplysningar som har lovstridig innhald (jamfør varslingsparagrafen i arbeidsmiljølova).
- Alle tilsette skal vera lojale ovanfor bedrifta sine vedtak. Lojalitet er også å støtta positivt opp om kollegaer, og arbeide for bedrifta sitt beste både på kort og lang sikt.
- I Opero er alle likeverdige, uavhengig av kjønn, rase, livssyn eller politisk overtyding.
- Opero krev ikkje at alle skal lika kvarandre, men når kollegne dine arbeider innanfor dei etiske retningslinjene og arbeidsreglementet til bedrifta, krev verksemda at du skal respektera dei slik dei er.
- Alle tilsette har plikt til å medverka til eit positivt og sikkert arbeidsmiljø. I dette ligg det å unngå mobbing og konfliktskapande oppførsel. Sjå prosedyre under HMS.
- Alle tilsette skal omtala bedrifta på ein positiv måte i møte med andre.
- Tilsette som meinar at dei står ovanfor vanskar med å etterleva desse reglane i einskildsaker, skal ta dette opp med leiaren i si avdeling.
- Brot på dei etiske retningslinjene i bedrifta, kan få konsekvensar for tilsetjingsforholdet.

**Revisjon:** Årleg.

Skrevet av:	JER/AH	Oppretta:	01.09.2009	Godkjent av:		Dok.nr.:	4-002
Rev. av:	Leiargruppa	Revidert:	08.04.2013	Godkjent av:		Versjon:	